

#7098 Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom

SØKNADSINFORMASJON

Søknadsid	7098
Innsendt av	NINA RANDAL
Sist oppdatert	09.12.2016
Søker	Meland kommune
Utlysning	Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom 2017

INFORMASJON OM TILTAKET

Navn på tiltaket Sommaraktiviteter for barn 2017 i Meland

Sendes søknaden inn av sentralledet i en frivillig organisasjon og oppfyller kravene i punkt 1b) i regelverket? Nei

Velg kommune dere søker gjennom Meland kommune

Søkers kontonummer 15031883722

Kort beskrivelse av søker

Meland Frivilligsentral er ein kommunalt eigd frivilligsentral. Sentralen jobbar for å rekruttere til frivillig innsats, etablere nye tilbod og synleggjere lag og organisasjonar i Meland kommune.

Har dere søkt om eller mottatt andre statlige midler til tiltaket? Nei

Har dere fått støtte til tiltaket gjennom denne tilskuddsordningen tidligere? Ja

Hva søker dere om tilskudd til?

Tiltak som bidrar til deltakelse for barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer på alternative mestringsarenaer

Skal dere ha aktivitet for målgruppen i noen av skolens ferier? Ja

I hvilke ferier skal dere ha aktivitet?

Sommerferie

BESKRIVELSE AV TILTAKET

Hva er målsetningen med tiltaket?

Sommaraktiviteter for barn er eit tilbod for barn i barneskulen i Meland – totalt 842 elevar får tilbod om å melda seg på. Det er plass til 30 – 40 barn kvar dag, avhengig av aktivitet. Ved hjelp av ei knutepunktsguppe sørgar vi for at barn som opplever utfordringar i høve fattigdom, foreldre som slit med rus og psykiske lidingar og innvandrar får sikra plass på ferie aktivitet der dei deltek på lik linje med andre barn. Tilbodet har sosial inkludering som overordna mål.

Lag og organisasjonar i Meland står for aktivitetane. Meland Frivilligsentral organiserar og koordinerar tilbodet. Dette er ein god arena for å synleggjera aktivitetar og å inspirere barn som fell utafor av ulike årsaker til å delta på viktige sosiale arenaer.

Beskriv aktivitetene dere skal gjennomføre

Sommaren 2016 føregjekk sommaraktivitetar for barn den første veka i juli. Det er stor vilje politisk, administrativt og i organisasjonene for å vidareføre tilbodet. Dette på bakgrunn av stor pågang frå barn som ville delta, at vi nådde målgruppa gjennom knutepunktsgruppa der ulike offentlege tenester er represetert og fordi vi fekk gode tilbakemeldingar på tiltaket frå deltakarar, foreldre og dei organisasjonane som var med.

Meland Frivilligsentral jobbar difor for at tilbodet blir utvida til to veker og skal føregå i veke 27 og 28 2017 mandag til fredag klokka 10 - 15.

I styremøte i Meland Frivilligsentral 12.september 2016, gjorde styret følgjande vedtak:
« Sak 25/16 Orientering om «Sommar aktivitetar for barn» og «Kultur på kort»

Vedtak:

Dersom BUFDIR lyser ut midlar mot barnefattigdom i 2017, vil Frivilligsentralen søke om midlar til «Sommaraktivitetar for barn i Meland» 2017.

Gode erfaringar med tiltaket gjer at dagleg leiari ser på muligheten for å utvide ordninga til 2 veker i 2017.»

Ulike organisasjonar saman med Frivilligsentralen står for aktivitetane. Aktivitetane kan også vera kurs i regi av organisasjonane, t.d. innføring i golf. Aktivitetane føregår frå mandag til fredag frå klokka 10 - 15.

Programmet som er klart til no:

Nordhordland Padleklubb:

Barna lærer å padle kajakk, med innlagt leik og redningsøving for dei som har lyst.

Nordhordland Husflidlag:

Barna lager snorer og band med slyngstokkar, baker gode stompekaker og tover ull m.m.

Meland Golfklubb:

Alle får prøve golf og lærer grunnreglane for å spele golf.

Kvernbit IL:

Allidrettsdag med ulike aktivitetar. «Sommarleikane på Fossemyra»

Holsnøy Kystlag:

Barna lærer å ro, lage knutar, sjømannskap og sikkerheit i båt, fiskar krabbar m.m.

Organisasjonar som har meldt inn at dei vil dvera med i 2017 og jobbar med programmet:

Ungdomslaget Framsteg:

Vil delta med aktivitetar knytta til huset sitt.

Nordhordland Seilforening:

Seglkurs for barn i optimistjoller. Aktivitetar i huset til klubben.

Meland Motorsportklubb:

Aktivitetar som sykling med BMX på motorcrossbana. Andre typar uteaktivitetar i samarbeid med t.d. Barnas Turlag i Nordhordland.

Barnas Turlag:

Skal behandle saka i styremøte 7.desember. Vil då ta opp kva type aktivitet dei kan bidra med.

Meland Bibliotek:

Ønskjer å lage til ein «Vilvite» dag. Der kan barna få forske og prøve ulike eksperiment til dømes i samarbeid med Vilvite senteret i Bergen.

Meland Skyttarlag:

Vil ta opp på styremøte om dei kan bidra med aktivitetar.

Det er viktig at barna deltar på aktivitetene innafor trygge rammer. Det er plass til 30-40 barn kvar dag på dei ulike aktivitetane, noko som krev at vi har høgt fokus på sikkerheit. Vi har mange frivillige vaksne som er med og hjelper til - men for å gjennomføre på ein god og trygg måte må vi ansette to assistentar/ungdomsarbeidarar i tre veker. Denne funksjonen er viktig i forhold til dei frivillige som skal organisere aktivitetane. Assistentane vil få ansvar for å organisera gjennomføringa av dagane, ha oversikt over kven som deltek frå dag til dag, at barna kjem seg på bussen til og frå, om nokon av deltakarane har spesielle behov som må takast hensyn til, kontaktperson for foreldra etc. Dagleg leiari på Frivilligsentralen koordinerer heile prosjektet.

Nokre av aktivitetane føregår på og i nærleiken av sjø, noko som krev at vi også har fokus på utstyr.

Dersom tiltaket fremmer intergrering, beskriv hvordan

Gjennom å vera aktiv i fritidsaktivitetar skaper ein sosiale møteplassar, bygger nettverk, skaffar seg sosial kompetanse og bygger opp under viktige demokratiske prinsipp. Gjennom sommaraktivitetar vil barna få kjennskap og kunnskap om ulike organisasjonar og aktivitetar vi har i Meland kommune. Fritidsaktivitetar som kan bli ein viktig arena å delta på for barn som opplever fattigdom, rus og psykiske sjukdom i familien og innvandrar. Alle organisasjonene som deltek i sommaraktivitetane vil legge til rette for at barn med utfordringar kan få delta i deira aktivitetar.

Tilbodet er gratis for alle inkludert lunsj. Aktivitetane føregår rundt i heile kommunen. Det blir satt opp buss transport til dei som ikkje har høve til transport sjølv. Dette er veldig aktuelt for til dømes flyktingar. Slik vil økonomi eller korleis barna blir følgde opp heime ikkje bli synleg.

MÅLGRUPPE

Hvem retter tiltaket seg spesielt mot?

Sommaraktivitetar for barn rettar seg mot barn som opplever barnefattigdom, barn som veks opp med foreldre med rusproblem eller psykiske vansker, og barn med innvandrerbakgrunn og andre barn i Meland.

Sommaraktivitetar for barn skal ha ei høg grad av sosial integrering. Tilbodet om å delta går difor ut til alle barn i 1 – 7 klasse i Meland kommune. Erfaringane frå i fjor synte at vi nådde målgruppa, og at mange av barna deltok på sommaraktivitetar for barn.

Hvilke aldergrupper retter tiltaket seg mot?
6-12 år

Retter tiltaket seg spesifikt mot barn og ungdom som vokser opp med foreldre med rusproblemer/psykiske vansker? Nei

Antall jenter i målgruppen 30

Antall gutter i målgruppen 30

Antall deltakere utenfor tilskuddsordningens målgruppe 100

REKRUTTERING OG SAMARBEID

Plan for rekruttering av målgruppen

Frivilligsentralen samarbeider med barnevern, psykisk helse, NAV, flyktingetjenesten, helsestasjonen og PPT gjennom ei knutepunktsguppe. Dei ulike tenestene som er representert i knutepunktsgruppa sørger for å få ut informasjon om tiltaket til familiar dei kjenner gjennom sitt system. Dei formidlar også påmelding for dei som ønskjer assistanse til det. Det er då høve for ei påmelding opp til 50% av plassane i kvar aktivitet frå desse gruppene. Ved utgong av påmeldingsfristen har barn frå denne gruppa ein fortrinnsrett. Det blir ikkje opplyst vidare om at det har vore ei intern påmelding fyrst, for å unngå stigmatisering.

Meland Frivilligsentral har også eit bredt nettverk av frivillige organisasjonar i kommunen og regionen, og kan såleis få ut informasjon om tilbodet på ein breiare måte enn rein kommunal informasjon .

Tilbodet blir sendt ut med ranselpost til alle grunnskuleelevar på barnetrinnet i Meland kommune. Det blir også annonsert i aviser og nettsidene til kommunen og organsisasjonane. Gjennomføring og organisering og kontakt vil gå gjennom tjenesteområde kultur og Meland Frivilligsentral. Frivilligsentralen i Meland har ansvar for å koordinera heile tiltaket.

Oppgi alle samarbeidspartnere og gi en kort beskrivelse av samarbeidet

Knutepunktsgruppa er ein viktig samarbeidspart for å nå ut til målgruppa. Dette samarbeidet bidreg til at alle tenestene er oppdatert på tilbodet. Det gir alle høve til innspel på førehand og kvalitetssikring av tilboda. Samstundes formidler og rekrutterer dei ulike tenestene deltakarar til aktivitetane. I forkant kallar vi inn til møte i gruppa Der blir ulike strategiar og tiltak inn mot aktivitetane vurdert.

Flyktingetenesta - frivilligsentralen har faste møter med flyktingetenseta kvar mandag.

NAV - gjennom knutepunktfunksjonen

Psykisk helse - Frivilligsentralen har møter med denne tenesta to gonger i halvåret. Gjennom knutepunktfunksjonen

Barnevernet - gjennom knutepunktfunksjonen

Helse og sosial - Frivilligsentralen har samarbeidsavtale med denne tenesta og har jevnleg kontakt og prosjekt saman med dei.

Frivilligforum – Frivilligforum er ein arena for kontakt med organisasjonar i Meland. To gonger i året inviterer frivilligsentralen og kultur alle lag og organisasjonar til frivilligforum. Her blir ulike tema som angår frivilligheten tatt opp. Dei organisasjonane som er med og bidreg til sommaraktivitetar har meldt seg via Frivilligforum. Vi ser at Sommaktivitetane er blitt attraktivt for frivillige lag i Meland å vera med på. På Frivilligforum i september 2016 informerte dei organisasjonane som varmed i sommar om deira erfaringar – tre nye organisasjonar meldte som følgje av orienteringa om at dei gjerne ville vera med i 2017.

Frivillige – Vi er heilt avhengig av frivillige for å gjennomføra eit slikt stort prosjekt. I tillegg til alle frivillige i dei ulike organisasjonane hadde vi også med oss frivillige flyktingar i 2016. Fleire av dei vil også vera med å bidra i 2017.

BUDSJETT

Budsjett

Finansiering	Beløp
Støtte fra Bufdir	150000
Egenfinansiering	40913
Evt. egenandel fra deltakere	0
Andre inntekter/tilskudd (spesifiser under)	10000
Delsum	200913
<hr/>	
Utgifter	Beløp
Lønn og godtgjørelse til ansatte	47060
Evt. lønn og godtgjørelse til deltakere	0
Transportutgifter	15000
Utgifter til inngangsbilletter	0
Innkjøp av utstyr (investering)	70000
Husleie/strøm/renhold	9000
Andre kostnader (spesifiser under)	49853
Andre administrasjonskostnader	10000
Delsum	200913
<hr/>	
Total	0

Spesifiser eventuelle andre utgifter

Aller organisasjonane som er med og bidreg til sommaktivitetar får 2500,- i kursavgift til organisasjonen. Tilsaman utgjør dette 25000, . Utgifter til lunsj 10 dagar for 35 barn pr dag, 10 frivillige og 3 ansatte er ca 20000. Forsikring av barna er rekna til ca 2000. Forsikringa er gjennom kommunen si forsikringsordning. Det er sett av 2853,- til diverse utgifter.

Spesifiser eventuelle andre inntekter

Tilskot til styrkja folkehelse og tilbod for barn og unge med nedsett funksjonsevne - kommunale tilskotsmidlar 10000,-

OPPSUMMERING OG BEKREFTELSE

Kort oppsummering av tiltaket

Målsetningen med "Sommaraktivitetar for barn i Meland" er å gje eit ferietilbod til marginaliserte barn og unge som er råka av fattigdom. Tilbodet vil vera åpent 5 dagar i veka dei to første vekene i juli frå klokka 10 - 15. Tilbodet inkluderar servering av eit måltid kvar dag. Organisasjonar i Meland står for aktivitetane der barna får prøve ut ulike aktivitetar som kan inspirere og rekruttere barn som fell utafor av ulike årsaker til å delta på viktige sosiale arenaer. Vi har samarbeid med ulike tenester i kommunen for å nå fram til barn og unge i målgruppa og sikre at dei får delta på tilbodet.

Jeg er kjent med at opplysningene i søknaden er grunnlag for tildeling av tilskudd fra staten, og har satt meg inn i regelverket for ordningen. Jeg bekrefter at opplysningene i søknaden er korrekte, og at jeg er kjent med vår plikt til å melde fra om eventuelle endringer som kan ha betydning for vedtaket om tilskudd. Ja

KOMMENTARER OG VEDLEGG

Kommentarer til søknaden

Vedlagt følger saksdokument på orientering i Utval for Levekår i Meland kommune og ranselpost for "Sommaraktivitetar i Meland 2016"

Her kan du laste opp eventuelle vedlegg til søknaden. 2 vedlegg (Orientering om sommaraktivitetar for born i Meland (L)(233767).docx, Sommaraktivitetar 2016.pdf)

Informasjon om vedlegg "Orientering om sommaraktivitetar for born i Meland (L)(233767).docx"

Dokumentet "Orientering om sommaraktivitetar for born i Meland (L)(233767).docx" kunne ikke legges til i denne PDF'en. Dette kan skyldes feil eller dokumentrestriksjoner i filen.

Sommaraktivitetar for barn i Meland 2016



Alle aktivitetane er gratis og inkluderar lunsj.

Frist for påmelding er fredag 24.juni 2016.

- 4.JULI** **PRØV GOLF MED MELAND GOLFKLUBB.**
Utstyr kan lånast dersom du ikkje har.
Klokka 10-14. Alder: 1-7 klasse.
Stad: Beitingsvegen 50, Fløksand
- 5.JULI** **LÆR Å PADLE MED NORDHORDLAND PADLEKLUBB
OG VÆR KREATIV MED NORDHORDLAND
HUSFLIDSLAG.**
Barna blir delt inn i 2 grupper. Halve dagen med
padling, halve dagen er det aktivitetar med
Nordhordland husflidslag.
Lær å padle kajakk, gjerne med innlagt leik og
redningsøving for dei som har lyst. Vi har fleire
typar kajakk, både stødige og mindre stødige. Vi
har alt nødvendig utstyr, som vest, åre, drakt.
Lær å lage snorer og band med slyngstokkar, bake
gode stompekaker og toving av ull m.m.
Klokka 09-15. Alder: 1-7 klasse.
Stad: Flatøy, oppmøte på parkeringsplassen til
Frank Mohn.
- 6.JULI** **ALLIDRETTS DAG**
Allidrettsdag ute eller inne – avhengig av været.
Ute: Fotball, hinderløype, orientering og frileik.
Inne:Fotball, landhockey/innebandy, basketball og
frileik.eller kanskje ein liten topptur!
Klokka 10 – 15. Alder: 1-7 klasse.
Stad: Meland Aktiv, Fosseskarvegen 4.
- 7.JULI** **«SOMMARLEIKANE PÅ FOSSEMYRA»**
Med bl.a. hinderløype, fotballbowling,

trillebor-løype og ertepose i bømte.
Klokka 10 – 15. Alder: 1-7 klasse.
Stad: Meland Aktiv, Fosseskarvegen 4.

8.JULI

TA ROKNAPPEN MED HOLSNØY KYSTLAG.

Lær å ro, lage knutar, sjømannskap og sikkerheit i båt m.m.

Klokka 10 – 16. Aldersgruppe: Frå 8 år. Stad: Oppmøte Kårbø forsamlingshus som ligg ca 100 m etter krysset på Kårbø, på vei ned mot Kårbø kai og på venstre side av vegen. Lett å finne.

Påmelding:

Påmeldingsskjema finn de på www.meland.frivilligsentral.no
Sommaraktivitetar for barn.

Eller du kan sende e-post: frivilligsentralen@meland.kommune.no
eller ring tlf: 56 17 10 66

Husk då å skrive navnet på aktiviteten, navn på barnet, alder, melding dersom barnet har allergiar eller ikkje kan avbildast, kontaktinformasjon for føresette og anna informasjon som er relevant.

Vi set opp minibuss til og frå desse aktivitetane:

Måndag 4.juli:

Frå Frekhaug til Fløksand. Retur frå Fløksand 14.00

Tysdag 5.juli:

Frå Frekhaug til Flatøy. Retur frå Flatøy kl.15.00

Fredag 8.juli:

Frå Frekhaug til Kårbø. Retur frå Kårbø kl.16.00

NB! Det er begrensa med plassar. Kan de levere og hente barna sjølv er det best.

